



# Vi trur på Sande

Høgre sitt program for 2019 - 2023

**SANDE HØGRE**





# KJÆRE VELJAR

Sande Høgre stiller til val med ei sterk og spennande valliste med 27 samfunnsengasjerte kandidatar frå alle krinsar i kommunen. Ei liste med god blanding av kontinuitet og fornying. Med aldersspenn frå 18 til 80 kombinerer lista ungdommeleg pågangsmot med stor breidde av livserfaring frå arbeidsliv, kultur og frivillig arbeid.

Eg er stolt og audmjuk over å få fronte lista som Sande Høgre sin ordførarkandidat.

I botn for vårt program ligg vidareføring av arbeid med tilrettelegging for verdiskaping, busetjing i attraktive og inkluderande lokalsamfunn. Sande kommune er ei sterk næringskommune og i arealplanen som vart vedteken tidleg i inneverande periode er det lagt stor vekt på vidare utviklingsrom for næringslivet og for utvikling av attraktive bustadareal. Noko som alt har resultert i mange nye reguleringsplanar og tiltak frå næringsliv og kommune. Herunder fleire gjennomførte og varsla nysatsingar i næringslivet, reguleringsplanar for tre nye byggefelt og gjennomført utviding av eit fjerde. Byggeaktiviteten med renovering av eldre bustader og bygging av nye, er høgare enn på lang tid. Og vi ser at satsinga på gjennomgangsbustader har stimulert til vidare bustadbygging.

Høgre vil lytte til innbyggjarane, ta utfordringar på alvor, aktivt søkje mulegheiter, og vere pådrivarar for gode løysingar. Denne arbeidsmåten har gitt mange og gode gjennomslag. Som gangveger langs fv 61; Larsnes-Breivikneset og Almestad-Vågen, gryande gjennomslag for betre ferjeordning, ny miljøstasjon i Myklebustmyrane,

hamneprosjektet i Gjerdsvika. Det har heller ikkje vore så verst med framtidsretta satsingar i kommunal regi dei siste åra. Som; Sandetun-utbygginga, nye omsorgsbustader, fleirbrukshall, ny vassforsyning til Larsnes, hamna i Haugsbygda, ny brannbil, ambulansekaier, Sjøkanten på Larsnes, Larsnes Brygge, topp oppgraderte barnehagar – Hauemarkja og Haugelia, fiber til øyane, utvendig renovering av Gursken kyrkje, utviding byggefelt, m.m. Fleire av tiltaka er gjennomførte på suksessformelen: samarbeid kommune, næringsliv, frivillige.

**Høgre skal stå på vidare for bygdene i Sande, for vår plass i regionen, fylket og landet, og vi vil vere gode ombodskvinner/-menn for innbyggjarane i kvardagen. Vi har stor tru på Sande-samfunnet!**

**Sande er og skal vere JA-kommune!**

Dag Vaagen  
ordførarkandidat





# KVALITET OG VALFRIDOM I OMSORGA

**Å få god og rett hjelp når ein treng det, er avgjerande viktig for både tryggleik og livskvalitet. Det viktigaste i helsetenesta er ikkje systemet, men pasienten. Brukaren skal stå i sentrum for all tilrettelegging av tenester, behandlingsapparatet skal byggast opp rundt dette.**

## **Sande Høgre går til val på:**

- Ei verdig eldreomsorg
- Kvalitet og valfridom
- Trygge og gode helsetenester

## **Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:**

- Respekt og verdigheit for den einskilde
- Variert og valgfritt tenestetilbod som gir auka styring over eigen kvardag
- Hjelpen den einskilde til å betre kunne ta vare på sitt sosiale liv, gjerne i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Sikre vidare drift av det fantastiske kultur- og samlingstilbodet på Øya.
- Gode ordningar for etter- og vidareutdanning
- Auke bruken av, og kunnskap om, velferdteknologi
- Støtte opp om den positive utviklinga ved Sande helsesenter

- Arbeide for eigna helikopterlandingsplassar i alle bygder
- Utvide Sande kommune sin kompetanse innanfor rehabilitering, og tilby denne kompetansen til andre kommuner det er naturleg å samarbeide med
- Arbeide for å sikre at alle som har rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) får tilstrekkeleg tal på assistansetimar til å leve eit sjølvstendig liv og delta i samfunnet.

## **POLITISK REKNESKAP 2015-2019**

- Gjennomført storstilt fornying og utviding av Sandetun
- Utvida romkapasitet, ny omsorgsavdeling
- Samanbinding med Haugatun
- Bygget teknisk klargjort for vidare utbyggingar
- Etablering/drift av Øya som kultur- og samlingstilbod
- Nye omsorgsbustader Elvatun, byggestart 2019
- Dagtilbod ute i bygdene ein-to dagar per veke
- Utvida bruk av elektronisk meldingsutveksling. Herunder gjennomført pilotprosjekt for 7-stjerna
- Nye ambulansekaier på Kvamsøy og Larsnes
- Gjennomgang og tydeleggjering av tildelingskriterier, som tryggar at innbyggjarane får dei rette tenestene



# KUNNSKAP OG MEISTRING I SKULEN

Vårt viktigaste prosjekt i skulen er å skape ein skule der elevane lærer meir, og alle vert sikra grunnleggjande ferdigheiter for vidare utdanning. Dette er vårt beste tiltak for å viske ut sosiale skilnader, og gje borna våre like mulegheiter til å lukkast i livet. God utdanning skal ikkje vere eit lykketreff som er avhengig av kva barnehage du går i, eller om du er heldig med læraren. Faktorar som bustadadresse eller familie skal ikkje vere utslagsgjevande for borna sine framtidige mulegheiter.

Alle born skal glede seg til å gå på skulen. Vi må jobbe for at skulemiljøet skal vere godt, at borna får hjelp dersom dei slit, og at vi kvar dag må jobbe for å nedkjempe mobbing.

## Sande Høgre går til val på:

- Alle elevar i barneskulen skal lære seg å lese, skrive og rekne, og opparbeide seg digitale ferdigheiter
- Strenge reglar for bruk av mobiltelefon i klasserommet
- Sette inn konkrete tiltak for elevar med høgt fråvær i grunnopplæringa
- Utvikle tilbod til elevar med utfordringar etter fullført ungdomsskule slik at dei har føresetnader for å klare seg gjennom vidaregåande opplæring

## Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:

- Styrke undervisninga i basisfag, prioritere lesing og rekning gjennom heile skuletida
- Tidleg innsats på skuleborna si psykiske og fysiske helse
- Legge til rette for at skulehelsetenesta kan vere fast tilstade på skulen
- Halde trykk på arbeidet mot mobbing gjennom systematisk arbeid og gode rutinar for oppfylging, og vurdere om Sande skal verte MOT kommune
- Sikre elevane sin digitale dugleik gjennom IKT investeringar i skulen
- Gjennom dialog med innbyggjarane fylgje opp strukturevalueringa i 2020 med målsetjing om å sikre ein føreseieleg og framtidretta skule, med godt læringsmiljø, og gode oppvekstvilkår
- Etablere tilbod for skulefritidsordning (SFO) i skuleferiane
- Innføre syskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO
- Arbeide for tilgong på lokaler for symjeopplæring i Sande kommune, med fokus på tilgjengelegheit også til andre enn skuleelevane (til dømes rehabilitering)
- Vidareføre offensiv satsing på etter- og vidareutdanning av tilsette i oppvekstsektoren
- Vurdere mulegheitene for sommaropen barnehage
- God og fleksibel barnehagekapasitet i alle bygder
- Gjennomføre fortløpande barnehageopptak gjennom året
- Oppgradere uteområdet i Gjerdsvika barnehage
- Undersøkje skulane sine behov for oppgraderingar for å tilfredstille universell utforming, og gjennomføre eventuelle utbetringar

## POLITISK REKNESKAP 2015-2019

- Hauemarkja og Haugelia barnehagar utvida med nye avdelingar.
- Gjennomført utbygging av Haugelia Barnehage
- Satsing på kompetanse; årleg vidareutdanning av mellom 7 og 12 tilsette
- Gode målbare resultat i Sandeskulen
- Betra skuleskyssen gjennom tilpassing av rutetider



# ATTRAKTIVE OG INKLUDERANDE LOKALSAMFUNN



Vi treng eit samfunn der flest muleg er i jobb, der innbyggjarane kjenner seg inkluderte, og der vi innfrir klimamåla. Det er positivt at fleire lev lengre, og kan vere ein ressurs både i arbeidslivet og i frivilligheita. Færre yrkesaktive per pensjonist set likevel kommunale tenester under press. Vi må difor finne nye løysingar for å oppretthalde nivået på velferdstenestene vi har i dag.

**Sande Høgre set alltid mennesket framom systemet. Sande kommune sitt ansvar er å tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane.**

## Sande Høgre går til val på:

- Sande kommune skal vere ja-kommune som legg til rette for arbeidsplassar og utvikling
- Tenester tilpassa innbyggjarane sine behov
- Ei trygg kommune med gode oppvekstkår
- Nei til eigedomsskatt

## Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:

- Legge til rette for gründerverksemdar og nyetableringar
- Vere medspelar for vidare satsing på turisme/reiseliv i Sande
- Sikre finansiering til gode idéar gjennom stimulering til bruk av lokal patriot-kapital
- Døype om delar av næringsfondet til patriotkapitalfond der ein ser på mulegheiter for offentleg-privat samarbeid av gründerfinansiering
- Sikre attraktive industriareal i alle bygdelag og utnytte speleromet i den nye arealplanen
- Nok naustområde/båtplassar i alle bygdelag: Sandssokningen skal ha høve til å bruke eigen båt
- Tilpasse driftsnivået i Sande kommune slik at det ikkje vert innført eigedomsskatt
- Bygging av veg gjennom industriområdet i Gjerdsvika i samsvar med kommunestyrevedtak
- Bygge kai og ferdigstille hamneprosjektet i Gjerdsvika
- God tilrettelegging for fiskeri, fiskeindustri, og havbruk på land og sjø
- Aktivt støtte tiltak innanfor jordbruk som kan vere med på å sikre ei god utvikling for næringa
- Hindre attgroing, og sikre kulturlandskapet - Sjå på mulegheiter for lågare terskel for tilskot til oppstart av småskala jordbruksdrift
- Finne ordningar som sikrar rask og effektiv utbygging av etablerte byggjefelt
- Stimulere til bygging av fleire gjennomgangsbustadar i alle bygdelag – for unge og eldre
- Sikre god og trygg vassforsyning i heile kommunen
- Seie nei til landbaserte vindmølleparkar i Sande kommune

## POLITISK REKNESKAP 2015-2019

- Fleire kommunale byggjefelt er klar for bygging
- Bygd ut fibernett til Kvamsøy, Sandsøy og Voksa
- I samarbeid med kystverket er hamna i Gjerdsvika bygd ut
- Ny brannbil
- Sjøkanten Larsnes
- Larsnes brygge



# KULTUR, IDRETT OG FRITID

**Attraktive kultur-, idretts- og fritidstilbud styrkar dei unge sine band til bygdene våre. Kultur- og idrettslivet marknadsfører og bitt kommunen saman på ein framifrå måte. Kreativt og nært samarbeid med lag og organisasjonar har gitt svært positive resultat.**

## **Sande Høgre går til val på:**

- Sikre ei sterk frivillegheit, og eit blomstrande kulturliv

## **Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:**

- Stimulere eksisterande frivilleg arbeid, og særskilt samarbeid på tvers av krinsar for å sikre eit best muleg tilbod til born og unge
- Styrke og spisse ordninga av kulturmidlar inn mot born- og ungdomsarbeid
- Støtte opp om det fantastiske arbeidet rundt tilrettelegging for friluftsliv som vert gjort av frivillege i kommuna vår
- Sikre gode rammevilkår for Kong Arthurspelet gjennom samarbeid og økonomisk støtte, og at spelet får rettmessig status med kulturmidlar frå fylkeskommunen

- Etablere ein velfungerande spelstad på Sandsøya som også kan nyttast til andre aktivitetar for born og ungdom
- Ta ungdomen sine behov og ynskjer på alvor, bruke ungdomsrådet som ein viktig ressurs
- Verne om, og vidareutvikle Kulturskulen
- Vurdere mulegheitene for kommunal deltaking i drift av fritidsklubb for ungdom
- Sjå på mulegheiter for innføring av opplevingskort, ei ordning som sikrar born og unge frå familiar med svak økonomi deltaking i ulike aktivitetar og kulturopplevingar

## **POLITISK REKNESKAP 2015-2019**

- Spelt på lag med frivillige organisasjonar i samband med utbygging av anlegg for friluftsliv
- Bygd ny fleirbrukshall på Larsnes
- God og synleg kulturskule
- Utarbeidd kulturminneplan



# KYRKJA



Kyrkja har ei stor oppgåve av haldningsskapande karakter, ikkje minst mellom born og ungdom. Kyrkjelege og andre kristne samfunn og organisasjonar må sikrast gode arbeidsvilkår, og få støtte til sosialt og kulturelt arbeid på linje med andre lag og organisasjonar.

## Sande Høgre går til val på:

- Kyrkja skal ha arbeidsvilkår til å styrkje og utvikle seg som ei opa og tenleg folkekyrkje.

## Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:

- Sikre gode og føreseielege rammevilkår for kyrkjesektoren
- Halde fram arbeidet med å ta igjen vedlikehaldsetterslep på kyrkjene våre
- Halde fram med godt vedlikehald av kyrkjegardane i nært samarbeid med kyrkja

## POLITISK REKNESKAP 2015-2019

- Gjennomført renovering av Gursken kyrkje i samband med 100 års jubileét.
- Reiskapshus ved Sande kyrkje er kome opp, og teke i bruk.
- Utvida Gursken gravstad
- Utbetra drenering på Gursken og Larsnes gravstad



# MILJØ

Den siste rapporten frå FN sitt klimapanel syner at klimaendringane kan verte dramatiske. Verda treng difor ei større og raskare omstilling enn vi tidlegare har trudd. Noreg og Sande kommune må ta sin del av dette ansvaret.

Eit sentralt omgrep innan miljø er sirkulær økonomi. Dette er eit prinsipp der målsetjinga er at ressursar vert heldt innanfor ein økonomi så lenge som råd. Ein oppnår dette ved å ha stort fokus på gjenvinning og -bruk. Skal verda kunne bere framtidige generasjonar er vi alle nøydde å kome oss så langt som råd bort frå bruk-og-kast samfunnet.

Det er også viktig å ha fokus på kost-nytte innanfor miljø. Å ta vare på miljøet kostar pengar, og nokon må betale.

## Sande Høgre går til val på:

- Miljø og klima skal i sterkare grad setjast på dagsorden i Sande kommune
- Gjennomføre eit krafttak for å rydde opp i gammalt skrot og villfyllingar

## Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:

- Utarbeide ny miljø- og klimaplan for Sande kommune
- Drive haldningsskapande arbeid i skule og barnehage gjennom samarbeid med Søre Sunnmøre Reinhaldsverk
- Legge viktige miljø- og klimaprinsipp til grunn ved rullering av arealplan
- Støtte opp om det viktige frivillege ryddearbeidet, spesielt rydding av plast
- Finne ordning som kan nyttast for rydding av villfyllingar
- Vurdere energisparande byggetiltak på eksisterande kommunal bygg
- Sjå på mulegheiter for null-/ plusshus ved bygging av kommunale bygg
- Gradvis innføring av elektriske bilar i kommunal drift

## POLITISK REKNESKAP 2015-2019

- Bygd ny og framtidretta miljøstasjon i Myklebustmyrane
- Skifta 60% av gatelysa til energivenlege LED-lys
- Betra styring og overvaking av vassverka
- Innført sortering av matavfall





# SAMFERDSEL

**God infrastruktur er ein grunnpilar i eit moderne samfunn, og er avgjerande for å skape gode bu- og arbeidsmarknadsregionar. Enklare kvardagsreiser for innbyggjarar og næringsliv gir stor nytte. Samtidig må vi jobbe for at negative sider vert redusert. Reduksjon av støy, ulykker og forureining er spesielt viktig.**

## **Sande Høgre går til val på:**

- Gjere kvardagsreisene enklare, tryggare og grønarare
- Gjere det enklare å reise kollektivt
- Forbetre kvaliteten på kommune- og fylkesveggar

## **Vi vil oppnå dette ved fylgjande tiltak:**

- Jobbe for realisering av Sande fastlandssamband, Rovdefjordsambandet, HAFASST, og Stad skipstunnel
- Oppretthalde pendlarruta Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy
- Søkje løysingar som kan betre rutetilbodet og materiell på ferjesambanda
- Arbeide for løysing med fullverdig sikring av skulekrysset på Larsnes

- Finne gode løysingar som kan betre tryggleiken for på- og avstiging av buss ved Halleskiftet
- Jobbe for betre kollektivtilbod, og finne løysing for å knyte Ytre Søre Sunnmøre til Timeekspressen
- Arbeide for ordning med bestillingsdrosjer og -buss
- Setje fokus på gode sykkelveggar i Sande
- Jobbe for å få merka den europeiske sykkelvegen Eurovelo1 (fylkesveg 61) gjennom Sande kommune
- Heile tida vere på leit etter enkle trafikktryggingstiltak som kan gjere det tryggare å ferdast for gåande og syklistar

## **POLITISK REKNESKAP 2015-2019**

- Ny gangveg og gul stripe Vågen-Almestad
- Opprettheldt pendlarruta Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy, og fått ruta innført i fylkeskommunal rutetabell
- Nye anløpskaier på Kvamsøy og Larsnes, som gjev betre tilhøve for båtpendlarane






## Dag Vaagen Ordførarkandidat

- Underdirektør i skatteetaten (permisjon)
- Ordfører 2007-2011, 2011-2015, og 2015-2019
- Medlem i kommunestyret sidan 1984
- Varamedlem for Høgre i fylkestinget og samferdselsutvalet 2011-2015, og 2015-2019
- Fylkestingskandidat for Høgre 2019-2023
- Leiar av representanskapet i Sunnmøre Regionråd 2012 – d.d.

## Ynskjer du Dag Vaagen som ordfører - bruk Høgrelista!



Merete O. Almestad Gursken



Krzysztof Antoniak Larsnes



Anne-Marte S. Beitveit Kvamsøy



Wenche Bjørkeng Gjerdsвика



Tom Inge P. Gotten Gjerdsвика



Christina W. Hauge Gursken



Viktor Hauge Gursken



Inge-Jonny Hide Gursken



Madeleine Hauge Hide Gursken



Bodvar Husøy Gjerdsвика



Hilde Iren Jakobsen Gursken



Elisabeth Kirkholm Gjerdsвика



Sverre Kleppe Gursken



Kjell Kvamme Kvamsøy



Clarence M. Lillestøl Gjerdsвика



Nina M. Lødøen Gursken



Andreas Svein Myklebust Sandshamn



Kevin Andre Myklebust Gursken



Knut Nystøyl Larsnes



Oskar S. Rekdal Larsnes



Sindre Slettestøl Gjerdsвика



Jarle Støylen Kvamsøy



Markus Ristesund Støylen Kvamsøy



Aileen Maria Tarberg Gjerdsвика



Håkon Vestnes Larsnes



Kristoffer Værnes Gjerdsвика

Utanom vår ordførarkandidat er Høgre si valliste oppsett i uprioritert, alfabetisk rekkefølge.

**DU bestemmer vår representasjon!**







# Høgre vil bygge samfunnet på tillit til enkeltmennesket.

Vårt mål er ein politikk som gjer det muleg for alle å ta del.  
Med Høgre skal enkeltmennesket, familiar og lokalsamfunn ha  
større fridom til å velje sjølv.

**Følg Sande Høgre på facebook  
eller les om våre saker på [www.hoyre.no](http://www.hoyre.no)  
- vel fylke og kommune under "Høgre der du bur"**

